

**Lindås kommune**

**5914 Isdalstø**

**Mulighetsstudie for Lindås – Spørsmål om å få stille med observatør i planprosessen.**

Vi viser til at det i kommunestyret den 21 februar vart vedteke å gjennomføre ein mulighetsstudie for Lindås-området. Eit arbeid vi forstår er sett i gang på grunn av at arbeidet med områdeplan måtte utsetjast grunna tidspress.

I folkemøte om kommuneplanen den 15 august vart det opplyst at arbeidet alt er i gang og skal vere ferdig 10 oktober. I møtet vart det og opplyst at arbeidet vert gjennomført av ekstern konsulent, utan at det er tenkt noko kontakt til, eller involvering frå folk i Lindåsbygda.

Vi forstår dei praktiske grunnane for å velje slik framgangsmåte, men trur det vil vere ein fordel for den etterfølgjande formelle planprosessen, som må komme, at vi lokalt, vert haldne orientert om planarbeidet, kva tema som vert teke opp og kva vurderingar og konklusjonar som som vert tekne gjennom prosessen.

Dette kan gjerast ved at bygdelaget får stille med observatør i plangruppa. Opplegget for eit slik samarbeid må avklarast nærare.

Vi ønskjer å få følgje planarbeidet på denne måten, og håper på positivt svar.

Mvh

Lindås Bygdelag

Gurid Helene Espe